

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnent. 7 Fylke: Øpland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Etnedal
 Emne: Skav Bygdelag: "
 Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein Gard: For heile bygdi
 (adresse): Bruflat G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I-2

Skav og beit brukte dei å kalle nødfor *eller* hjölpefor.

3

ordet vart böygt slik: Eg skov, eg skjev, eg vill skava.

4 Berre til hjelp, helst i vårkniipa
 har skav vore brukta sume, helst på vårparten. Som re-
 gulært for har det ikkje vore rekna.

5

Osp vart mest brukta til skav, og dinest sölju. Bartre
 skov dei ikkje.

6

Ordet skav vart ikkje her nytta um noko sers treslag.

7

Noko rim um skav er ukjent her.

8

Skav nytta dei mest til nautskröter. Småkröter laut fin-
 na seg beit ute.

9

Mjölk vart feitareå, når ein brukte skav, seier dei
 som har brukta det. At nokoslags skav gav usmak på mjölk,
 har ein ikkje höyrt om.

10

Skavved tok dei med seg frå skogen, når dei var der
 kor som var. Hesjeved veit ein ikkje av vart skave.

Sers navn på å hente skavved eiler på veden dei henta hadde dei ikkje her.

Gjerningsordet - "marka" 13

Gjerningsordet "marka" er ukjent her.

14

Skavved kunne hentast kvar tid på vinteren, men mest i i vårnipa. At det å hente skavved vår eit sers surt arbeid, hentast fastande eller på langfredag er ukjent her.

15

Det var ute på tunet, stundom i vedskjulet at skavingi gjekk for seg.

16

Ein veit ikkje av anna reidskap til å skava med enn lauvkniv eller tollekniv, etter som det hövde

17-18

Fin kjenner ikkje til nokon sers måte å gå fram på, når ein skov. Nokon sers reidskap utan om dei nemde knivane hadde dei ikkje her. Skavhæl kjenner me ikkje til her.

19

Når dei skov, held dei skavveden på skrå opp og ned med vinstre hand og kniven i högre.

20

Noko sers navn på veden dei skov, kjenner me illkjø til her

21

Den avskavne borken kalla dei berre skav.

22

Mindre og middelsstore kjeppar var mest brukte til skav. På grove tre var borken for hard, meinte dei.

23

Noko sers navn på den avskavne veden, hadde dei vist ikkje her.

II

24

Dei tok heile borken, men mjuk fin bork vart rekna for best. At sume var flinkare til å akava enn andre, har me ikkje höyrt om, heller ikkje at kyrne tok skavet åt ein framfor øt ein annan.

25

Det seiest at den avskavne veden mykje atåt vart nytta til baksteved.

26

Å skava til krötera har aldri vore mykje brukt her i bygden det ein no veit, Berre her og der og helst på mindre bruk skal dei ha drive lidt med slikt, og som sagt helst i vårknipa. Når höve byd seg, t.d. når ein lett kan få tak i skavved, seiest det at det er sume som driv med det enno, men ikkje mange,